

Ove Georg Hvidsten
Kvamsvegen 62
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3313 - 15/34264

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
10.11.2015

Gbnr143/1 Håland. Førebels informasjon om kor saka står.

Syner til dykkar søknad om løyve til å dele frå tomt til bustadføremål.

Saka har vore på høyring hjå overordna mynde, og frå Fylkesmannen i Hordaland ligg det no føre uttale som klart går i mot å gje dispensasjon. Uttalen ligg ved til orientering.

Vedlagd ligg og melding frå Fylkeskommunen om at resultatet av dei kulturminnefaglege undersøkingane var negativt.

Den vidare saksgangen er no at kommunen må førebu saka for politisk handsaming. Innstillinga må bli negativ grunna uttalen frå fylkesmannen. Politikerane kan gjere positivt vedtak, men då må saka attende til fylkesmannen for at dei skal vurdere om dei vil klage på den positive avgjerda.

Utfallet av vidare saksgang er såleis uvisst, samstundes som det kan ta lang tid føre endeleg vedtak er klart.

Underteikna har diskutert dette med landbrukssjef Kjartan Nyhammer. For å freiste finne fram til ei løysing på spørsmålet om busetting for ny brukar på Håland, som ikkje er i konflikt med alle gjeldande lover og reglar, vil Kjartan Nyhammer ta kontakt med dykk i løpet av neste veke.

Dersom det syner seg at det ikkje finst anna løysing enn den de no har søkt om, vil saka verte handsama vidare slik det er synt til ovanfor.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Ove Georg Hvidsten

Kvamsvegen 62 5911

ALVERSUND